



Jobbnorge-ID: 124562

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis i samfunnsøkonomi

Vi ønsker deg velkommen som søker til ei fast stilling som førsteamanuensis innan samfunnsøkonomi ved Institutt for økonomi.

Institutt for økonomi (<http://www.uib.no/econ>) er eitt av sju institutt under Det samfunnsvitskaplege fakultetet. Instituttet tilbyr undervisning på alle nivå i faget samfunnsøkonomi og leier studentane fram til gradene bachelor, master og PhD. Forsking og undervisning ved instituttet dekker eit breitt spekter av disiplinar. Instituttets metodiske kjernekompetanse er innan anvendt mikroøkonomi, spelteori og insentivteori. Basert på denne kompetansen, har instituttet forskargrupper på følgjande tre spesialområder:

- Næring, finans og marknad
- Velferd, trygd og helse
- Naturressursar, miljø og utvikling

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Instituttet ønsker å styrke den faglege tyngda og breidda. Den ledige stillinga er ikkje knytt til nokon spesiell forskingsgruppe, men skal være relevant for instituttet sin forskingsprofil og undervisning. Førsteamanuensen vert tilsett med plikt til å delta i undervisninga, både på høgare og lågare grads nivå, og i instituttet sitt arbeid elles.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søklarar må ha doktorgrad i økonomi eller tilsvarande kompetanse.
- Søklarane må ha synt evne til å publisere forskingsresultat utover doktorgrad på eit høgt internasjonalt nivå innan faget.
- Ved vurdering av det vitenskaplege arbeidet vil forskinga frå dei siste fem åra verte tillagt særleg vekt.
- Den personen som vert tilsett må kunne medverke til undervisning både på høgare og lågare grads nivå, og rettleie master- og doktorgradsstudentar.
- Vi vil leggje stor vekt på at den som vert tilsett er personleg eigna for stillinga. Samarbeidsegenskapar, pågåande forskingsarbeid, framtidige planer for forskning og potensial til å styrke instituttets faglege tyngde i åra framover vert tillagt vekt.
- Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som blir tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 60 - 68 (kode 1011/lønnsramme 24, alternativ 4) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjør ei årsløn på kr. 510.100 - kr. 591.400 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteanseienitet. For særleg kvalifiserte søklarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde:

- Følgjebrev
- Ei oppsummering av planlagt forskingsaktivitet
- CV
- Godkjente kopiar av vitnemål og attestar
- Kontaktinformasjon til to referansar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge.

På bakgrunn av desse opplysningane vil den sakkyndige komiteen gjere ein gjennomgang av søklarane. Deretter vil fakultetet invitere dei best kvalifiserte søklarane til å sende inn vitenskaplege arbeid. Tilsetjing går føre seg på grunnlag av innstilling av ei vitenskapelig nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og prøveforelesing.

Søknadsfrist: 15.6.2016

Søknaden skal merkast: 2016/3778

Vi ber søkerane nøye følge retningslinene for søkjarar til mellomstillingar ved Det samfunnsvitskaplege fakultet. Dette dokumentet kan ein få ved å vende seg til post@svfa.uib.no. <http://www.uib.no/svf>.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar, professor Jan Erik Askildsen, e-post: jan.askildsen@uib.no, eller tlf. 55 58 92 18.

Praktiske spørsmål kring søknadsprosessen kan rettast til seniorkonsulent Anita Helen Spurkeland, e-post: anita.spurkeland@uib.no, eller tlf. 55 58 90 58.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med innvandrabakgrunn. Personar med innvandrabakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvolter.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Vi viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidspått og faglege kompetanse kan den som blir tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: